



Din Bolig Søknad As
Postboks 145
5408 SAGVÅG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/3511 - 23/30802

Saksbehandlar:
Einar Aase
einar.aase@alver.kommune.no

Dato:
24.04.2023

Avvist søknad om lagerbygning - gbnr 474/53 Olsvoll

Administrativt vedtak.

Saknr: 416/23

Tiltakshavar:
Ansvarleg søkjar:
Søknadstype:

Olav Hauge Kolås
Din Bolig Søknad As
Søknad om igangsetting av tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl) §§ 20-1 og 20-3, jf. § 21-2, 5. ledd.

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-2 jf. byggesaksforskrifta § 5-4 vert søknad om lagerbygning avvist.

Når søknaden er avvist vert byggesaka avslutta.

Dersom du søker på nytt må du leggja ved fullstendig søknad i tråd med regelverket sine krav til dokumentasjon.

Tiltak

Det vert vist til søknad mottaken 26.04.2022.
Saka gjeld søknad om lagerbygning.

Planstatus

Tiltak ligg innanfor reguleringsplan for Olsvollstranda næringsområde (plan-id: 12602014000600) i område avsett til næringsbygningar.

VURDERING:

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Dette gjeld mellom anna følgjande tilhøve:

1. Det ligg ikkje føre samtykke frå arbeidstilsynet for tiltak. Det er krav om samtykke frå arbeidstilsynet i alle tilfelle der tiltak inneheld arbeidsplassar. Dette gjeld både for faste, midlertidige og sporadiske arbeidsplassar. Søknad må supplerast med løyve frå arbeidstilsynet, eller alternativt ei avklaring frå arbeidstilsynet på at tiltak ikkje krev løyve etter deira lover. <https://arbeidstilsynet.no/tema/byggesak>

Det er bedt om tilbakemelding på tilhøvet. Ansvarleg søkjar viser i e-post datert 23.01.2023 til at dei ikkje får kontakt med tiltakshavar. Alver kommune har ikkje fått nærmare tilbakemelding på etterspurt dokumentasjon av 19.09.2022.

Kommunen vurderer at søknaden ikkje er tilstrekkeleg opplyst til at vi kan ta han til handsaming.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av ny søknad.

Regelverk

Søknad om tiltak etter pbl må vere komplett før kommunen kan handsame den, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4, jf. pbl § 21-4.

Søknad om tiltak må vere tilstrekkeleg opplyst før kommunen kan handsame den, jf. SAK § 5-4, jf. pbl §§ 21-2, jf. 21-4.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Med vennleg helsing
Alver kommune

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Einar Aase
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur.

Mottakarar:

Din Bolig Søknað As
Olav Hauge Kolås

Postboks 145 5408
 5936

SAGVÅG
MANGER